



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Marianne Svege, 5557 2255

Vår dato  
06.10.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/601 363.3  
Dykkar referanse

Austrheim kommune  
Kommunehuset  
5943 Austrheim

Vi ber om at brevet vert distribuert til:  
Ordførar  
Rådmann

### Oppmoding om busetting av flyktningar 2017

Norske kommunar har dei siste åra gjort ein formidabel innsats med busetting og kvalifisering av flyktningar, og oppgåvene er framleis store i 2017.

I 2017 vil det vere behov for å busette 13 000 flyktningar i norske kommunar, kor av 1 100 er einslege mindreårige under 18 år. Om lag 40% av dei einslege mindreårige er under 15 år. Busettingsbehovet er lågare enn tidlegare plantal frå IMDi. Færre asylsøkjjarar til Noreg og færre som vert innvilga opphald er hovudårsakene til at behovet har gått ned.

Så langt har kommunane vedteke å busette i underkant av 10 000 flyktningar neste år. Dermed krevst det framleis fleire plassar i nokre kommunar for å dekkja busettingsbehovet.

### Fylkesmannen i Hordaland oppmodar Austrheim kommune om å busette 10 flyktningar i 2017.

Oppmodingstala til den einskilde kommune er utarbeidd i samråd med IMDi og KS.

Vi oppfordrar kommunane til å fatte presise vedtak for kor mange flyktningar kommunen skal busette, og at vedtaket ikkje inkluderer familiesameinte, eller har andre atterhald. Dette er naudsynt for å avvege ansvarsdelinga mellom kommunane.

Fylkesmannen understreker at busetting er første skritt i integreringsprosessen i kommunen, og at eit godt kvalifiseringsarbeid styrker den einskilde sine moglegheiter for å bli integrert gjennom arbeid og utdanning.

For meir informasjon om planlegging og busetting, sjå <http://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/>. Her finn du bl.a. informasjon om tilskot og økonomi, bustader til flyktningar, samt statistikk over busetting.

Ta kontakt med Fylkesmannen i Hordaland eller IMDi Vest dersom de ynskjer dialog om oppmodinga og busetting av flyktningar. Vi deltek gjerne på møter med kommunen, også i samarbeid med andre statlige aktørar på feltet.

Vi ber om at tilbakemelding på oppmoding vert sendt til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) og til [post@imdi.no](mailto:post@imdi.no), med kopi til KS v/ Nina Gran [nina.gran@ks.no](mailto:nina.gran@ks.no) innan 10.12.2016.

Med helsing

Rune Fjeld  
ass fylkesmann

Anne Hjermand  
utdanningsdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
KS  
IMDi Vest